



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

FORVENTNINGSBREVET 2023

våre forventningar til kommunane

17

SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Innhald

| | |
|--|-----------|
| Trygg framtid for folk og natur | 3 |
| Utfordringsbilde | 4 |
| Klimaendring og tap av natur | |
| Krig i Europa | |
| Fattigdom og utanforskap | |
| Psykisk helse | |
| Strammare kommuneøkonomi | |
| Mangel på folk og kompetanse | |
| Våre forventningar til kommunane | 6 |
| Berekraftsmåla og kommunal planlegging | 6 |
| Plan som strategisk styringsverktøy | 7 |
| Kommuneøkonomi | 8 |
| Ei berekraftig arealforvaltning | 9 |
| Karbonlager i naturen | |
| Ta vare på naturmangfald | |
| Jordvern og skogbruk | |
| Klimaomstilling | |
| Sirkulær økonomi | |
| Avløp | |
| Ei robust og operativ landbruksforvaltning | 11 |
| Samfunnstryggleik og beredskap | 12 |
| Heilskapleg ROS-analyse | |
| Totalforsvaret | |
| Samansette truslar | |
| Digital tryggleik | |
| Krisehandtering | |
| Barn og unge | 14 |
| Psykisk helse | |
| Barnehage, skule og opplæring | |
| Barnehagar i ei ny tid | |
| Barnekoordinator | |
| Barnevern | |
| Gode helse- og omsorgstenester | 17 |
| Leve heile livet – bu trygt heime | |
| Velferdsteknologi | |
| Opptrappingsplan for psykisk helse og rus | |
| Sosiale tenester | |
| Helseplattforma – «éin innbyggjar – éin journal» | |
| Almennlegetenesta, ALIS og LIS1 | |
| Vidare dialog | 19 |



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltar

[Else-May Norderhus](#)

Assisterande statsforvaltar

[Rigmor Brøste](#)

Fagdirektør samordning

[Helge Mogstad](#)

Kontakt;

Telefon: 71 25 84 00

sfmrpost@statsforvalteren.no

Trygg framtid for folk og natur

Det er ei uroleg tid. Krigen i Ukraina og klima- og naturkrisa legg særlege føringar for korleis vi prioriterer.

Å nå berekraftsmåla

FN sine berekraftsmål syner kva grep vi må ta for å møte utfordringane vi står i. Å nå desse måla er derfor hovudoppgåva for alle nivå i offentleg forvaltning. I dette forventningsbrevet formidlar vi dei forventningane staten har til kommunane i arbeidet med å nå berekraftsmåla innan 2030.

Drifta må bli tilpassa inntektene

Mange av kommunane i Møre og Romsdal har ein krevjande økonomi med høg gjeld og for dyr drift. Framover er det derfor viktig at drifta vert tilpassa inntektene. Det er gjennom strategisk og heilskapleg planlegging at kommunane kan ta grep og gjere nødvendige prioriteringar.

Beredskap er nødvendig

Pandemien og flyktningstraumen har lært oss at utfordringar kan komme raskt. Samtidig har vi erfart at vi kan handtere mykje. I 2022 tok vi imot 2 371 flyktningar i Møre og Romsdal. Vi veit at kommunane må ta imot mange flyktningar i år også.

I ei stadig meir uroleg verd, må grunnberedskapen vere på plass. Vi må alle arbeide for å styrke eigenberedskapen vår. Kvar kommune må jobbe med sitt planverk og trene på uønska hendingar. Den tryggingspolitiske situasjonen i Europa og klima- og naturkrisa gjer dette arbeidet nødvendig.

Møte barn og unge

Midt i dei store rammene ligg dei personlege og sosiale utfordringane som vi må ta tak i. Utanforskap, fattigdom og psykisk uhelse gjer framtida usikker for mange. Vi må sjå heile bildet, jobbe førebyggjande og trå til tidleg. Barn og unge skal prioriterast!

Samarbeid og dialog

Kommunanes komplekse oppgåver krev tverrfagleg samarbeid – også over kommunegrensar. Vi ønsker god dialog med kommunane. Om vi er opne og gir kvarandre tilbakemeldingar, vil det løfte jobben vi gjer saman. For: Vi vil alle det beste for folk og natur i heile fylket.

Vi ser fram til god kontakt med kvar einskild kommune på alle tenestnivå i 2023.

Elsi-May Norderhus

Elsi-May Norderhus

Forventningsbrevet

Dette brevet gir ei oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk, og løfter opp forventningane til kommunane.

Forventningsbrevet er skriva til politisk og administrativ leiding i kommunen, og til politiske utval og andre aktuelle medarbeidarar.

Statsforvaltarens rolle

Statsforvaltaren skal sikre at nasjonal politikk vert gjennomført lokalt i Møre og Romsdal.

Vi får våre oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Oppgåvene kan summerast slik:

- Formidle forventningar til kommunane, rettleie og bidra til å iverksette nasjonal politikk på tvers av alle fagområde
- Samordne og medverke til samarbeid og dialog mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd



Foto: Anita Grønland

Utfordringsbilde

Klimaendring og tap av natur

Klima- og naturkrise er vår tids største utfordring. Sjølv om utfordringa er global, må arbeidet for å redusere klimagass-utsleppa og å tilpasse oss nytt klima bli gjort lokalt. Klimakrisa kan ikkje løysast utan at ein samtidig løyser naturkrise.

Vi må ha større merksemd på å bevare naturområde som har evne til å binde opp klimagassar, og matjord må vi ta vare på. Den verksemda vi driv – og den aktiviteten kommunane legg til rette for – må sette minst mogleg fotavtrykk i miljøet.

Nedbygging av naturen har gått føre seg altfor lenge, og mange artar i naturen er borte, eller sterkt trua. Norge har forplikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Det reduserte naturmangfaldet skyldast først og fremst tap av leveområde, men heng også tett saman med endringane i klimaet.

Krig i Europa

Russland har starta krig i Europa. Sjølv om Norge ikkje er i krig, må kommunane ha auka merksemd på at uønskte hendingar kan ramme mellom anna kritisk infrastruktur. Kommunane må planlegge for at ein likevel greier å oppretthalde verksemda når uønskte hendingar skjer.

Kommunane må også vere budd på å bidra i totalforsvaret med gjensidig støtte og samarbeid mellom den sivile beredskapen og det militære forsvaret.

Fattigdom og utanforskap

Fylkesstatistikken 2022 viser at Møre og Romsdal har 2 400 hushald med vedvarande låginntekt. I desse hushalda bur 4 500 barn. Dette er tett på ti prosent av barna i fylket. Med både aukande prisar og lånerenter er det grunn til å tru at dette talet er stigande. Mange ungdommar droppar ut av både skule og arbeidsliv. Det må leggast mykje vinn på å hjelpe desse tilbake til samfunnet. Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med å hindre utanforskap.

Psykisk helse

Vi ser eit aukande tal på tilvisingar som gjeld eteforstyrningar og andre alvorlege psykiske lidningar hos barn og unge. Det trengs derfor ein særleg innsats for å gi dei tidleg hjelp. Målet er å unngå at fleire får større problem med helsa si.



Foto: Øivind Leren

Strammare kommuneøkonomi

Kommunane i Møre og Romsdal vil i framtida oppleve ein strammare økonomi. Det generelle kostnadsbildet er aukande, særleg innafor pleie- og omsorgssektoren. Mange av kommunane våre har høg gjeld og vil merke det aukande rentenivået. Andre har hatt fleire år med gode resultat og auka disposisjonsfond. Det er derfor stor variasjon i korleis kommunane er rusta til å handtere uventa kostnadsaukingar. Usikkerheita om den økonomiske utviklinga framover er uvanleg stor.

Vi er i ferd med å få ei befolkning av stadig fleire eldre. Når vi samtidig får færre barnefødsler, legg dette press på både eldreomsorga og skulestrukturen. Denne dreininga av ressursane er vanskeleg for mange kommunestyre. Kommunane må drive sine tenester innanfor sitt økonomiske handlingsrom.

Mangel på folk og kompetanse

Mange kommunar slit med å rekruttere og få tak i rett kompetanse. For å kunne fortsetje å gje gode tenester til dei som treng det, når dei treng det, må kommunen vere open for å ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. Omstillingsarbeidet må vere systematisk, strategisk og målretta.



Våre forventningar til kommunane

Berekraftsmåla og kommunal planlegging

FNs berekraftsmål skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging

Berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å stoppe klimaendringar, utrydde fattigdom og motverke utanforskap. Norge har forplikta seg til å jobbe aktivt for å nå berekraftsmåla innan 2030.

Berekraftsmåla legg føringar for både nasjonal politikk og samfunnsutviklinga i Norge. For å nå berekraftsmåla må heile samfunnet bidra, og kommunane er ein svært viktig bidragsytar. To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre nås gjennom lokal innsats. Kommunane står som myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar, tenesteytar og lokaldemokratisk aktør nærast innbyggjarane, bedriftene og organisasjonane.

Regjeringa har i *Nasjonale forventningar til kommunal- og regional planlegging 2019-2023* løfta fram viktigheita av at FNs berekraftsmål utgjer grunnlaget for den kommunale planlegginga. Til våren kjem regjeringa med nye nasjonale forventningar for perioden 2024-2027. Det er forventa at det framleis er berekraftsmåla som skal gi dei sentrale rammene og føringane for den kommunale planlegginga.

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevande for kommunane å nå måla. Løysinga kan vere interkommunale samarbeid.





Foto: ScanStockPhoto

Plan som strategisk styringsverktøy

Til hausten er det nytt lokalval, og innan utgangen av oktober vil dei nye kommunestyra vere konstituert.

- *Det nye kommunestyret skal vedta planstrategi seinast eitt år etter konstituering*
- *Det nye kommunestyret må vurdere å revidere kommuneplanens samfunnsdel så snart som mogleg.*
- *Arbeidet med å få på plass eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bør starte allereie no*

Statsforvaltaren vil rettleie kommunane i desse prosessane.

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei heilskapleg og berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekke av dei samfunnsutfordringane vi står overfor, må løysast gjennom ei strategisk tilnærming i plan. Dette omfattar til dømes arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstryggleik og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgstenester, folkehelsearbeid med meir. Dei ulike temaa vil bli nærare omtalt utover i forventningsbrevet.

Alle kommunar skal utarbeide ein samla kommuneplan med ein samfunns- og arealdel, og ein handlingsdel som seier noko om korleis planen skal følgjast opp dei neste fire åra. Samfunnsdelen utgjer den viktigaste strategiske planen for kommunen. Samfunnsdelen skal synleggjere kommunen sine satsingsområde, og gi eit styringsgrunnlag for vidare oppfølging i kommuneorganisasjonen. Til dømes vil dette ha stor betydning for arbeidet med kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar.

Det er viktig med ei god kopling mellom samfunnsdelen og kommunen sitt budsjett- og økonomiarbeid. For å få til dette kan kommunens fireårige økonomiplan inngå i, eller utgjere, handlingsdelen til kommuneplanen.

Kommuneøkonomi



Foto: ScanStockPhoto

Kommunane står overfor tøffe prioriteringar framover. Vi forventar at kommunane tilpassar verksemda slik at dei kjem i økonomisk balanse

- 16 kommunar har ei netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på over 100 prosent.
- Dei fleste av kommunane har også eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter som er under det tilrådde nivået på 1,75 prosent.
- I 2021 hadde berre 15 kommunar ein rekneskap som gjorde det mogleg å sette av pengar på disposisjonsfond til utføre sette utgifter.

Finansielle måltal

Statsforvaltaren forventar at kommunane nyttar måltala og har gode prosessar i behandlinga og revideringa av finansielle måltal

Kommunelova slår fast at kommunestyret har plikt til å vedta finansielle måltal. Måltala skal brukast som eit verktøy for den kort- og langsiktige styringa av kommunens økonomi. Alle kommunane har no vedteke finansielle måltal, men vi ser at dei blir brukt i ulik grad. Bruk av måltalla kan sikre eigarskap og forståing av plikta kommunestyret har i forvaltninga av kommuneøkonomien over tid. Årsbudsjett og økonomiplan bør vise til vedtekne måltal. Rekneskapen skal også rapportere på desse.

Kommune-stat-rapportering - KOSTRA

Statsforvaltaren forventar at kommunane kvalitetssikrar at opplysningane er riktig innrapportert

KOSTRA er ein statistikkdatabase som viser tal for kommunar og fylkeskommunar si verksemd. Det er viktig at KOSTRA-rapporteringa blir utført korrekt, slik at data er pålitelege og samanliknbare. Nokre av KOSTRA-opplysningane blir også brukt som kriteriedata til utrekning av rammetilskotet til kommunane.

ROBEK

Talet på ROBEK-kommunar er lågt på landsbasis, med 14 kommunar. To av desse er i Møre og Romsdal. Vi ser dessverre at fleire kommunar har stram kommuneøkonomi. Om det ikkje vert tatt nødvendige grep, vil fleire kome på ROBEK i tida som kjem.

Ny kommunelov krev at det blir tatt tidlegare grep. Dersom ein kommune har eit meirforbruk på over tre prosent av brutto driftsinntekter, så blir ein meldt inn på ROBEK. Det skal framleis budsjetterast med balanse. Meirforbruk skal dekkast inn. Statsforvaltaren vil ta kontakt med dei kommunane som er i faresona for ROBEK etter at årsrekneskapen er lagt fram.

Skjønnsmidlar

Formålet med skjønnsmidlane er å fange opp forhold som ikkje blir godt nok ivaretatt i inntektsystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsmidlane skal også gå til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane, såkalla prosjekt-skjønns.

Det vil bli sendt ut brev til kommunane om søknadskriteria for prosjektskjønns/Fylkesløft og ordinære skjønnsmidlar tidleg i mars. Søknadsfrist for skjønnsmidlar 2024 er 1. juni.

Ei berekraftig arealforvaltning

Kommunane skal ha ei berekraftig arealforvaltning som ser samanhengen mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur

Klimaendringar og tap av natur er ei av dei store utfordringane vi står overfor. Korleis vi brukar og forvaltar areala våre, er avgjerande for om vi greier å bremse klimaendringane, tilpasse oss til eit klima i endring og stanse tapet av natur.

Kommunane har stor påverknadskraft over arealforvaltninga i Møre og Romsdal. Som planmyndigheit har kommunane eit ansvar for å følgje opp at utbygging og bruk av areal skjer i tråd med nasjonale føringar.

Karbonlager i naturen

Vi forventar at kommunane ikkje bygger ut areal med store karbonlager

Ubygde areal kan innehalde store lager av karbon. Å bygge ut slike areal vil redusere potensielt framtidig opptak av klimagassen CO₂ og kan føre til store klimagassutslepp. Det gjeld særleg i skog med høg produksjonsevne eller i djup myr, men kan også gjelde beite og dyrka mark.

Utbygging vil redusere potensielt framtidig opptak av karbon på arealet. Å bevare slike områder kan vere eit billig og effektivt tiltak både for å redusere klimaendringane og for å takle effektane av dei.

Ta vare på naturmangfald

Vi forventar at kommunane arbeider for å bevare naturmangfaldet

Tap av naturmangfald er både ei global og lokal utfordring. Verneområda tek vare på sårbare og trua naturtypar, biologisk mangfald, stads- og regiontypiske naturområde og område med internasjonale og nasjonale verneverdiar.

Vern av område sikrar naturmangfald på lang sikt. God planlegging for areal utanfor verneområda bidrar til å støtte opp om og sikre verneverdiane og utnytte dei moglegheitene som vernet gir.



Foto: ScanStockPhoto

Dispensasjon frå plan- og bygningslova

Vi forventar at kommunane legg tilstrekkeleg vekt på dei omsyna som lova krev, og forvaltar dispensasjonsføresegna etter si hensikt – som ein snever unntaksregel.

Kommunane må vere medvitne om at bruk av dispensasjonsføresegna kan ha negativ innverknad på omsynet til berekraftig utvikling. Dei heilskaplege vurderingane som kommunens arealplanar er tufta på vil ofte bli tilsidesett i dispensasjonssaker.

Den lokale arealutviklinga skal skje i samsvar med plan- og bygningslova og kommunale arealplanar.

Samtidig opnar lova for at byggetiltak kan få unntak frå regelverket, altså dispensasjon.

Kommunane må følgje lovas krav både når det gjeld søknadsprosessen og sjølve dispensasjonsvedtaket ved behandlinga av slike saker:

- Kommunen kan ikkje gi dispensasjon utan at det er søkt om det
- Dispensasjonssøknader skal vere grunngitt frå søkar si side
- Kommunen kan berre gi dispensasjon dersom begge vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt
- Kommunen sitt vedtak om å gi dispensasjon skal vere grunngitt

Statsforvaltaren sin "[Rettleiar for behandling av dispensasjonssaker](#)" er til god nytte for kommunane.



Jordvern og skogbruk

Vi forventar at kommunane

- *fører ein streng jordvernpolitikk*
- *kontrollerer at skogeigarane plantar ny skog seinast tre år etter hogst*

Tilgangen på dyrka jord er nøkkelen til nasjonal sjølvforsyning. Dyrka jord representerer også viktige landskapsverdiar. Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 3 000 daa. God utnytting av dei areala som allereie er bygd på bidreg til å redusere behovet for omdisponering av dyrka jord.

Møre og Romsdal har betydeleg skogproduksjon. Skogen gir arbeidsplassar og verdiar for skogeigar. Veksande skog tar også opp store mengder av klimagassen CO₂.

Klimaomstilling

Vi forventar at kommunane

- *prioriterer arbeidet med å redusere klimagassutsleppa*
- *innfører klimabudsjett eller anna styringsverktøy for å få gjennomført konkrete klimatiltak*

Norge har meldt inn eit forsterka klimamål til FN og skal no redusere utsleppet med 55 prosent innan 2030. Gjennom [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) er det stilt krav til korleis kommunane skal bidra til omstillinga. [Statsforvaltaren har samla hjelpemiddel til klimaarbeidet i kommunane her](#).

Sirkulær økonomi

Vi forventar at kommunane

- *legg vekt på omstilling til sirkulær økonomi gjennom sine innkjøp*
- *samarbeider med dei interkommunale avfallsselskapa om å innføre dei nye krava til å sortere avfall*

Kommunesektoren er ei viktig drivkraft i omstillinga til ein sirkulær økonomi og har stor påverknadskraft gjennom sine innkjøp. Gjennom innovative innkjøp og god dialog med næringane kan kommunane bygge opp marknad for reparasjon, redesign og gjenbruk.

Frå 1. januar 2023 skal mat-, plast, park- og hageavfall frå alle hushald sorterast. Krava gjeld også for alle offentlege og private verksemder og institusjonar som lagar hushaldsliknande avfall og for gardsbruk som nyttar landbruksplast. Det er krav om at alt avfall som blir sortert ut skal materialgjenvinnast eller gå til ombruk.

Dei nye krava skal sikre at vi kjeldesorterer og materialgjenvinnar meir av avfallet.

Avløp

Vi forventar at kommunane førebur seg på nye krav til reinsing av kommunalt avløpsvatn som følger av revidert EU-direktiv for avløp

Evaluering av EUs avløpsdirektiv har vist at det er behov for betre reinsing av kommunalt avløpsvatn. Forslaget til revidert direktiv vil føre til at alle kommunane i fylket vil måtte gjere betydelege investeringar på dei fleste av reinseanlegga sine innan 2027 for å oppfylle nye krav.

Forslaget til revidert direktiv, finn du på Miljødirektoratet si nettside [EU-direktiv om avløp revideres - \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no). Høyringsfristen til EU-kommisjonen 1. mars 2023.

Ei robust og operativ landbruksforvaltning

Kommunane har eit viktig forvaltaransvar for fleire tilskotsordningar, særlover og arealbruk som har stor betydning for landbruket både i dag og i framtida. Landbruket er ei stor næring i Møre og Romsdal.

Kommunane skal

- *ha ei operativ og robust landbruksforvaltning*
- *prioritere effektiv og god tilskotsforvaltning gjennom å:*
 - *formidle kunnskap om tilskota og behandle søknader*
 - *ha rutinar som sikrar at rett utbetalingsbeløp når ut til dei som skal ha tilskot*

Kravet om ein eigen kontrollplan i kvar kommune er skjerpa. Gode kontrollrutinar skal sikre at brot på regelverket vert avdekt og følgt opp, slik at samfunnet og landbruksnæringa har tillit til tilskotsforvaltninga.



Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Samfunnstryggleik og beredskap

Risikobildet kommunane står overfor vert stadig meir samansett og omskifteleg. Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med samfunnstryggleik. Dei skal arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap.

Heilskapleg ROS-analyse

Kommunane skal ha ei oppdatert heilskapleg ROS-analyse, nødvendige beredskapsplanar og kontinuitetsplanar

Kommunane skal nytte eigen heilskapleg ROS-analyse for å arbeide førebyggjande med samfunnstryggleik. FylkesROS med oppfølgingsplan gir innspel til både tiltak og forhold som bør vurderast i arbeidet med samfunnstryggleik. Vi oppmodar kommunane til å nytte perioden før kommunevalet til oppdateringane.

I arbeidet med ROS-analyse må kommunane ta inn over seg ein endra tryggingpolitisk situasjon i Europa og Norge. Det kan vere spesielt aktuelt å vurdere kommunen si evne til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar og infrastrukturar ved ulike truslar/hendingar, inkludert hendingar i det øvre krisespekteret.

Det grønne skiftet kan føre til etablering av anlegg for nye energiformer og endra bruk av farlege stoff. Dette kan gje ny eller endra risiko i kommunen. Det er viktig at arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalyser fangar opp dette.

Totalforsvaret

Kommunane må kjenne eiga rolle, ansvar, mynde og samfunnsoppdrag i totalforsvaret

Den tryggingspolitiske situasjonen for Norge er i endring. Forsvaret og det sivile samfunnet er avhengig av kvarandre, noko som gjer det sivilmilitære samarbeidet stadig viktigare. Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunn knytt til kriser; frå kriser i fred til tryggingpolitisk krise og væpna konflikt. Vi råder kommunane til å inkludere representantar frå Forsvaret og Sivilforsvaret i sine beredskapsråd.



Foto: ScanStockPhoto

FylkesROS

Risiko og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal (FylkesROS) skildrar alvorlege uønskete hendingar som kan råke fylket vårt. FylkesROS er eit godt utgangspunkt for utarbeiding av både øvingar og beredskapsplanverk. Det er ei forventning at kommunane nyttar FylkesROS som eit kunnskapsgrunnlag i sine heilskaplege ROS-analyser.

Oppfølgingsplan

På bakgrunn av funn i FylkesROS er det utarbeida ein fireårig oppfølgingsplan. Planen inneheldt tiltak som følgjast opp av Statsforvaltaren, regionale beredskapsaktørar og kommunane. Planen ikkje er juridisk bindande men er forankra i embetsleiinga, fylkesberedskapsråd og fylkestinget. Det er ei forventning at kommunane følger opp relevante tiltak i oppfølgingsplan, i sitt arbeid med samfunnsstryggleik og beredskap.

Samansette truslar

Kommunane skal rapportere til Statsforvaltaren om dei mistenker hendingar som kan vere samansette truslar

Samansette truslar er situasjonar der ein aktør brukar eit spekter av verkemidlar for å påverke oss. Verkemidlane kan nyttast kvar for seg eller setjast saman og koordinerast slik at dei understøtter eller forsterkar kvarandre. Målet kan vere å uroe samfunnet for å gjere det meir sårbart.

Digital tryggleik

Kommunane må vidareutvikle situasjons- og risikoforståinga for førebyggjande digital tryggleik. Mellom anna ved å ha kjennskap til, og følgje opp, [grunnprinsippa til Nasjonal Sikkerhetsmyndighet for IKT-tryggleik](#)

Digitale system er sentrale for alle samfunnsfunksjonar. Feil i desse kan få store konsekvensar.

Krisehandtering

Kommunane skal planlegge for å handtere langvarige kriser og moglege samtidige hendingar

Som følge av klimaendringane må kommunane bu seg på å handtere fleire og meir ekstreme naturhendingar i tida framover. [Klimaprofil for Møre og Romsdal](#) gir oversikt over klima-relaterte problem i fylket.



Barn og unge

Kommunen må sjå breidda og heilskapen i arbeidet for eit godt og samordna tenestetilbod til alle barn og unge. At dei blir sett, høyrte og møtt er særleg viktig.

Psykisk helse

For barn og unge med psykiske plager og lidningar er det viktig at hjelpa er lett tilgjengeleg, av god kvalitet og tilpassa barn og unge sine behov.

Vi forventar at kommunen

- *styrker det helsefremmande og førebyggjande arbeidet til barn, unge og deira familiar, inkludert tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta*
- *satsar på lågterskel psykisk helsehjelp, slik at ein kan få rask hjelp utan krav om tilvising*
- *gir alle barn og unge som blir tilvist til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale*

Statlege verksemdar og kommunane i Møre og Romsdal har ei felles satsing om nullvisjon for utanforskap. Vi ønskjer at barn og unge skal få tidleg hjelp for å unngå at fleire får større problem med helsa si. Det trengs ein særleg innsats, mellom anna for å handtere eit aukande tal på tilvisingar om eteforstyrningar og andre alvorlege lidningar.

Ei vurderingssamtale og tett samarbeid med kommunen kan sikre at barn og unge raskt får ei vurdering av behov og hjelp vidare til rett stad.

Statsbudsjettet varslar meir pengar til helsestasjon- og skulehelsetenesta, døgnbehandling innan psykisk helsevern for barn og unge og i tillegg ei styrking av døgnbehandlinga i spesialisthelsetenesta. Barn og unge og deira familiar skal oppleve god tilgjenge til hjelp når dei treng det. For å lukkast med dette krevst god koordinering, samordning og samarbeid på tvers av tenester og sektorar i kommunen og spesialisthelsetenesta.

Barnehage, skule og opplæring

Kommune og fylkeskommune skal sørge for at barnehage- og skulemiljøet til ei kvar tid er trygt, godt og inkluderande

Det skal vere ei særleg merksemd på barn og unge som har rett på spesialpedagogisk hjelp og undervisning.

Eit godt og trygt miljø bidrar til å unngå utanforskap, og er også viktig i arbeidet med å førebygge radikalisering.



Kompetansetiltak

Vi forventar at kommunen og fylkeskommunen vidareutviklar og gjennomfører kompetansetiltak i skule og barnehage i partnarship med universitets- og høgskulesektoren

Kompetansetiltaka i barnehage og skule skal ta utgangspunkt i lokale vurderingar av behov og målsettingane i dei ulike kompetanseordningane. Det er forventa at ein ser tiltaka i eit tverrsektorielt perspektiv og at PP-tenesta og andre relevante støttetjenester er inkluderte.

Lov og planverk i skulen

Kommunane og fylkeskommunen skal følge lærarnorm, planverk og gjennomføre eksamen

Kommunane skal følgje [lov og regelverk i lærarnorma](#).

Iverksetting av læreplanverket har vore påverka av pandemien. Kommunane og fylkeskommunen har som skuleeigarar ansvar for at skular og lærebedrifter følger [Læreplanverket \(LK20/LK20S\) for Kunnskapsløftet](#).

Skuleeigarar må følge endringar i eksamen og i nytt gjennomføringssystem. Slik bidreg dei til sikker gjennomføring av eksamen i 2023.

Plan for skolefritidsordninga

Kommunen skal tilpasse seg til og bruke rammeplan for skolefritidsordninga (SFO)

Planen skal bidra til ein SFO som er god og har likeverdig kvalitet for alle barn.

Barnehagar i ei ny tid

Kommunane skal

- *bidra til å sette den nye nasjonale barnehagestrategien «Barnehagen for ei ny tid» ut i praksis*
- *retteleie barnehagane, sjå til at barnehagane følger lova, gjere risikovurderingar og gjennomføre tilsyn for å avdekke lovbrøt*

Den nye strategien skal bidra til at alle barn får tilgang til eit likeverdig barnehage tilbud av høg kvalitet.

I rolla som barnehagemyndigheit er det viktig at kommunen har barnehagefagleg kompetanse.

Aktuelle dokument

[«Med videre betydning» - Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole](#) (NOU 2022: 13)

Ny barnehagestrategi: [Barnehagen for ei ny tid](#)




Foto: ScanStockPhoto

Barnekoordinator

Koordinerende eining i kommunane har frå 1. august 2022 overordna ansvar for barnekoordinator.

Vi forventar at kommunen

- *Oppnemner, lærer opp og rettleiar barnekoordinator*
- *Koordinerer tenestene i heile oppvekstsektoren, slik at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt*
- *Gir kvar person ein individuell plan*

Barnekoordinator skal styrke oppfølginga av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene, slik at tenestene vert heilskaplege og koordinerte.

Barnevern

Barnevernsreforma gir kommunane eit større ansvar for barnevernet enn tidlegare. Barnet sin medverknad og barnet sitt beste skal ivaretakast i alt arbeidet.

Vi forventar at kommunen

- *styrker arbeidet med tidleg innsats og førebygging*
- *utarbeider og vedtek førebyggjande plan mot omsorgssvikt og åtferdsproblem*
- *arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking*

Det er den øvste leinga i kommunen som har ansvaret for at kommunen oppfyller sine lovpålagte oppgåver. Kvart år skal ein tilstandsrapport bli lagt fram for kommunestyra. Forebyggjande plan for kommunen sitt arbeid for omsorgssvikt og åtferdsproblem skal vedtakast av kommunestyret.

Kompetanse

Vi forventar at kommunen utviklar tenestene sine i samsvar med måla i kompetansesatsinga til regjeringa

Regjeringa har ei pågåande kompetansesatsing for det kommunale barnevernet for perioden 2018-2024. Kommunane må legge til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova.

Fosterheim

Kommunen skal forsøke å rekruttere fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk

Det heilskaplege ansvaret for rettleiing og oppfølging av fosterheimane ligg no hos kommunane.



Foto: ScanStockPhoto

Ny barnevernlov gjeld frå 1. januar 2023

Barnevernsreforma skal sikre at hjelpa blir betre tilpassa dei behova som barn og familiar har. Barn og familiar skal bli sikra god rettstryggleik. Ressursbruket og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Aktuelle dokument

- [Barnevernlova](#)
- [Regjeringa om reforma](#)
- [Kompetansesatsinga](#)



Foto: ScanStockPhoto

Gode helse- og omsorgstenester

Kommunane har ansvaret for å gi individuelt vurderte helse-, sosial- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar.

Leve heile livet – bu trygt heime

Vi forventar at kommunane legg til rette for ein god overgang frå reforma “Leve heile livet” til “Bu trygt heime”

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har vedtatt planar for lokal oppfølging av Leve heile livet. Mange kommunar er i gang med overgangen frå prosjekt til drift. At fleire skal kunne bu trygt heime lenger krev ein eigna bustad, eit godt lokalsamfunn og at individuelle behov for helse- og omsorgstenester vert dekt.

Vaksne må planlegge rammene rundt eigen alderdom. Samtidig skal eldre og pårørande vere trygge på å få hjelp og støtte når behovet for tenester oppstår. Dei som jobbar nærast dei eldre skal få meir ansvar og tillit.

Viktige forventningar i dette arbeidet handlar om heilskapleg planlegging, aldersvennlege nærmiljø, moglegheit for aktivitet og deltaking i samfunnet og å utvikle tenester som fremmar meistring.

Velferdsteknologi

Vi forventar at kommunen tar i bruk eigna teknologiske løysingar for å bidra til auka endrings – og omsorgskapasitet

Kommunane som tilpassar tenester og teknologi vil oppnå gevinstar med velferdsteknologi. Det er viktig at alle kommunane er kople på arbeidet knytt til digitalisering gjennom *Digi Møre og Romsdal*. Her vil ein samordne fagnettverk med fokus på samarbeid, kompetanseutvikling og erfaringsutveksling, i tråd med nasjonalt arbeid og føringar.



Opptappingsplan for psykisk helse og rus

Vi forventar at kommunane

- styrkar sitt arbeid innan psykisk helse, både førebyggjande og behandlende tiltak
- arbeider med å etablere ruseiningar i kommunane

Det er varsla ein opptappingsplan for psykisk helse og psykisk helsevern i 2023.

Målet er at fleire skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet, og at dei som har behov for psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge.

Det er også varsla ei førebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet som kjem hausten 2023. Reforma skal bidra til å førebygge og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk for enkelt-personar og for samfunnet. Som ein del av reforma skal det og kome eit nasjonalt program for rusførebyggjande arbeid blant barn og unge.

Det kom pålegg om å etablere ruseiningar i kommunane i 2022. Den nye tilskotsordninga for kommunane som vart etablert i 2022, vil bli vidareført.

Sosiale tenester

Vi forventar at kommunane

- gjer sosiale tenester tilgjengeleg
- legg opp til betre samordning av tenester til personar i alle aldrar

Dei kommunale sosiale tenestene må få ein tydeleg plass i det heilskaplege arbeidet i kommunen. Dette må sjåast i samanheng med hovudføremålet med endringane i velferdslovgjevinga i 2022, der det også vart gjort endringar i sosialtenestelova.

Helseplattforma – «éin innbyggjar – éin journal»

Vi forventar at kommunane er budd på å ta Helseplattforma i bruk

Innføring av Helseplattforma startar i Møre og Romsdal i 2023. Dette er eit stort og banebrytande arbeid. Føremålet med dette journalsystemet er at informasjon skal følgje pasienten. Oppdatert og relevant informasjon skal vere tilgjengeleg, og dei ulike aktørane i helseoppfølginga skal kunne kommunisere med kvarandre.



Foto: ScanStockPhoto

Veteranplan

Vi oppfordrar kommunane til å lage ein plan for å ta vare på dei som har vore i internasjonal teneste for Norge.

Veteranplanen skal beskrive tiltak for å anerkjenne og følge opp veteranene og deira familiar. Planen skal famne tida før, under og etter tenesten.

[Sjå Forsvaret sine tips til korleis planen bør vere ...](#)

Almennlegetenesta, ALIS og LIS1

Vi forventar at kommunane fortsett å jobbe aktivt med ALIS-avtalar slik at alle legar som startar spesialisering i allmenntilleggsmedisin kan få tilbod om dette

Staten aukar basistilskotet til fastlegane frå 1. mai samtidig som innretninga på tilskotet vert endra.

Vidare dialog

Kommunebilde

Statsforvaltaren skal framover gjennomføre kommunedialog med utvalde kommunar. Alle kommunar får eit besøk, fysisk eller digitalt, ein gong i kommunestyreperioden. Grunnlaget for desse besøka vil vere "kommunebildet" vi lagar for den enkelte kommune. Dette er eit digitalt verktøy som gir oss god informasjon på tilstanden i den enkelte kommune.

I 2023 vil vi ha særleg tett dialog med Kristiansund, Giske, Ørsta, Smøla, Sande og Ulstein.

Regional berekraftsprofil og satsingsområde

Alle kommunane i fylket har kartlagt sin status på berekraft ved bruk av FN-metodikken United 4 Smart Sustainable Cities (U4SSC). I fylkeskommunen sin rapport etter kartlegginga, frå mai 2021, er det peika ut seks satsingsområde som er spesielt egna for felles regionalt samarbeid. Områda er:

1. Smart og berekraftig VA-sektor
2. Fattigdom og sosial inkludering
3. Sirkulær økonomi
4. Digitalisering av offentleg sektor
5. Offentlege bygg – byggsertifisering
6. Lokalmat og mattryggleik


I ein prosjektperiode for 2023 og 2024 planlegg

Statsforvaltaren å innvilge prosjektskjønnsmidlar til Molde, Kristiansund, Ålesund og Volda. Pengane skal gå til fire prosjektstillingar som berekraftscoordinator. Nabo-

kommunane skal inkluderast i arbeidet. Koordinatorane skal jobbe tett i lag med prosjektleiarane av Berekraftfylke i fylkeskommunen, og med heilskapleg og integrert berekraftsarbeid i plan- og styringsprosessar i kommunane.

Skal vi fortsette å vere *Berekraftfylke nr. 1*, så må alle kommunane med, og vi må vise til konkrete resultat. Det vil kome meir informasjon om stillingane som bærekraftscoordinatorar og om aktuelle prosjekt i løpet av første kvartal 2023.

Å legge til rette for godt samarbeid mellom kommunane i fylket, og mellom kommunane og andre aktørar er eit hovudmål i Berekraftfylket Møre og Romsdal.



Berekraft

Trygg framtid for **folk** og **natur**

| | | | |
|---|--|---|--|
| <p>1 UTRYDDE FATTIGDOM</p>  | <p>2 UTRYDDE SVOLT</p>  | <p>3 GOD HELSE</p>  | <p>4 GOD UTDANNING</p>  |
| <p>5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNA</p>  | <p>6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD</p>  | <p>7 REIN ENERGI TIL ALLE</p>  | <p>8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST</p>  |
| <p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p>  | <p>10 MINDRE ULIKSKAP</p>  | <p>11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN</p>  | <p>12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON</p>  |
| <p>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE</p>  | <p>14 LIVET I HAVET</p>  | <p>15 LIV PÅ LAND</p>  | <p>16 FRED, RETTFERD OG VELFUNDERANDE INSTITUSJONAR</p>  |
| <p>17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>  | | | |